

Fra: Svein Arne Tinnesand (SveinArne.Tinnesand@nb.no)

Sendt: 06.01.2017 12:31:24

Til: Ruth Ørnholt

Kopi:

Emne: Svar - Prosjekt Sterk, spenstig og klar (2013/459)

Vedlegg: image003.jpg



Nasjonalbiblioteket

Vår dato: 06.01.2017

Vår referanse: 2013/459

Dykkar dato: 06.01.2017

Dykkar referanse:

Svar - Prosjekt Sterk, spenstig og klar (2013/459)

Takk for tilbakemelding på prosjektet «Sterk, spenstig og klar». Så lenge det ikkje skal søkjast om ytterligare midlar til dette prosjektet treng dykk ikkje å levere prosjektrapport no. Då held det med å levere sluttrapport innan 3 månader etter at prosjektet vert slutført.

Vennleg helsing

Svein Arne Tinnesand
Nasjonalbiblioteket
Postboks 2674 Solli
0203 Oslo
Telefon 23 27 61 38/48 26 12 17
<https://bibliotekutvikling.no/>

Hei

I april 2014 fekk fylkesbiblioteket tilsegn på kr 600 000 frå Nasjonalbiblioteket til første året av det treårige prosjektet *Sterk, spenstig og klar*. Prosjektet har til saman fått 1,8 mill. kr og skal avsluttast i 2017.

Hovudmål for prosjektet *Sterk, spenstig og klar* er: Innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fomya Biblioteklokale og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet. Biblioteka i Hordaland skal systematisk og planmessig setjast i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova. Partnarskap mellom dei regionale samarbeidsbiblioteka og fylkesbiblioteket skal styrkjast i prosjektet.

Prosjekt *Sterk, spenstig og klar* har gripe inn i fleire av utviklingsoppgåvene som er vedtatt på bibliotekfeltet i Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025. Fylkesbiblioteket har prøvd ut nye arbeidsmetodar og tenester i prosjektet, og gjennomføringa er integrert i fylkesbiblioteket sin årsplan og - budsjett.

Prosjektet har til no gitt stor utteljing, både for dei kommunale biblioteka og for arbeidsforma i fylkesbiblioteket.

Prosjektet skal avsluttast med ein evalueringskonferanse i Ulvik 7.-8.juni.

Eg reknar med at rapport og rekneskap ikkje vil vere klar før i september 2017. Ønskjer Nasjonalbiblioteket ein statusrapport for prosjektet i 2016?

Venleg helsing

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef
Kultur- og idrettsavdelinga| fylkesbiblioteket

Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398
www.hordaland.no/fylkesbiblioteket